



VOSS HERAD
Postboks 145
5701 VOSS

Saksbehandlar, innvalstelefon
Elisabeth Sveen Eikenes, 57 64 30 14

Rapport etter tilsyn med Voss reinseanlegg

Kontrollnummer: 2024.330.I.SFVL

Denne rapporten gjeld tilhøve som vart funne på tilsyn 24. oktober hos Voss herad (organisasjonsnummer: 974774356).

Rapporten har følgjande delar:

- Del 1: Resultatet av tilsynet
- Del 2: Statsforvaltaren si vurdering og grunngjeving
- Del 3: Informasjon om tilsynet
- Del 4: Annan informasjon

Del 1: Resultatet av tilsynet

Denne delen gir ei oversikt over resultatet av tilsynet og kva de må gjere innan gitte fristar. Nærare omtale er gitt i del 2.

Statsforvaltaren fann avvik som de må rette snarast

Statsforvaltaren fann følgjande avvik på tilsynet:

- Avvik 1: Resipientovervakingsprogrammet har manglar

Avvik er manglande etterleving av krav fastsette i eller med heimel i lov.

Statsforvaltaren gav merknader

Vi har følgjande merknader:

- Merknad 1: Manglande samsvar mellom hovudplan avløp og miljørisikovurdering
- Merknad 2: Heradet si avviksrapportering kan bli betre

Merknad er eit tilhøve som vi meiner det er naudsynt å peike på for å ivareta ytre miljø, men som ikkje er manglande etterleving av krav fastsette i eller med heimel i lov.



Frist for tilbakemelding er 15. januar 2025.

Voss herad må rette opp avviket snarast.

De må sende Statsforvaltaren ei skriftleg tilbakemelding innan 15. januar 2025 som viser korleis avviket er eller vil bli retta.

I tillegg må heradet sende inn ei tilbakemelding med status for gjennomføring av resipientovervaking, sjå avsnitt «pålegg om opplysningar» under.

Gjennomføring av tiltaka kan bli følgd opp med nytt tilsyn.

Vi ber om tilbakemelding på e-post

Vi ber om at de sender all skriftleg tilbakemelding til sfvlpost@statsforvalteren.no og merkar e-posten med 2019/7256.

De må betale gebyr

Voss herad må betale eit gebyr på 50 400 kr for tilsynet.

Pålegg om opplysningar

Voss herad må sende følgjande opplysningar til Statsforvaltaren:

- Innan 15. januar 2025
 - Status for gjennomføring av resipientovervaking i tråd med Voss herad sitt overvåkingsprogram av 7. februar 2023 (sjå meir informasjon i rapportens del 4 Annan informasjon).

Pålegget er gitt med heimel i forureiningslova § 49.

De har rett til å klage

De har rett til å klage på pålegg om opplysningar dersom de meiner at de ikkje har plikt eller løyve til å gi slike opplysningar. Ein klage bør grunnjevast, og han skal sendast til Statsforvaltaren i Vestland seinast tre dagar etter at denne rapporten er motteken, jf. forvaltningslova § 14. Ein klage kan vere både skriftleg og munnleg.

Del 2: Statsforvaltaren si vurdering og grunngeving

Avvik 1: Resipientovervåkingsprogrammet har manglar

Dette er eit avvik frå følgjande krav gitt i regelverket

- Utsleppsløyve for Voss tettbygde område, punkt 7 Resipientovervaking

Om krava

I samsvar med utsleppsløyvet punkt 7 skal Voss herad sørge for overvaking av moglege miljøeffektar av utslepp frå reinseanlegg og overløp til aktuelle vassførekomstar. Overvakinga skal gjennomførast i tråd med vassforskrifta sine føresegner for tiltaksorientert overvaking § 18 og vedlegg V punkt 1.3 og gjeldande rettleingsmateriell til vassforskrifta. Punkt 7.1 i utsleppsløyvet



beskriv krav til overvåkingsprogram. Overvåkingsprogrammet skal følgje anbefalingar gitt i rettleiaren *Klassifisering av miljøtilstand i vann* (02:2018)¹, og følgjande skal gå fram av programmet:

- oversikt over prøvetakingspunkt (namn, ev. lokalitetsnummer i Vannmiljø, kart og koordinatar)
- oversikt over kvalitetselement og parametarar som skal undersøkast for kvart prøvepunkt
- prøvetakingsfrekvens
- grunngiving for val av parametarar, prøvepunkt og prøvetakingsfrekvens
- korleis undersøkingane vil bli gjennomført (metode, av kven etc.)

Observasjonar på tilsynet og vår vurdering

Voss herad har med bistand frå konsulent, utarbeidd eit overvåkingsprogram for overvaking av utsleppa frå Voss reinseanlegg datert 7. februar 2023. Overvåkingsprogrammet inneheld ein del informasjon om prøvepunkt si plassering, men det manglar detaljar om prøvetaking av nærsona, korleis heradet planlegg utføring av dette, og grunngjeving for val av parametarar, prøvepunkt (kart og koordinatar) og frekvens. Statsforvaltaren har ved fleire høve etterlyst desse opplysningane.

På tilsynet kom det fram at heradet hadde behov for meir rettleiing og forklaring på kva opplysningar Statsforvaltaren ønskte. Under tilsynet gjekk vi gjennom kva som manglar i overvåkingsprogrammet, og heradet fekk moglegheit til å stille spørsmål og få avklaringar.

Merknad 1: Manglande samsvar mellom hovudplan avløp og miljørisikovurdering

Observasjonar på tilsynet og vår vurdering

I samsvar med utsleppsløyvet punkt 2.6.1 skal miljørisikovurderinga vera ein viktig del av grunnlaget for den overordna avløpsplanen til heradet.

På tilsynet kom det fram at heradet har både hovudplan avløp og ei miljørisikovurdering for avløpsanlegga i Voss tettbygde område, men at miljørisikovurderinga ikkje er lagt til grunn for gjeldande hovudplan avløp. Fordelane med å inkludere miljørisikovurderinga som ein del av grunnlaget for hovudplan avløp er mange. Det sikrar at miljøomsyn vert integrert i planlegginga, kan redusere risikoen for miljøskadar, og kan også føre til betre ressursutnytting.

Ved neste revidering av hovudplan avløp bør heradet sørge for at miljørisikovurderinga og tilhøyrande tiltaksplan, vert inkludert som grunnlagsdokument. Vidare bør heradet sikre at dei tiltaka som vert planlagde i samband med miljørisikovurderinga og den årlege oppdateringa av denne, vert innarbeidde i kommunen sin årlege tiltaksplan for avløpsområdet.

Merknad 2: Heradet si avviksrapportering kan bli betre

Observasjonar på tilsynet og vår vurdering

I samsvar med utsleppsløyvet punkt 2.6 og internkontrollforskrifta, pliktar heradet å etablere internkontroll for si avløpsverksemd. Internkontrollforskrifta gir reglar om kva det systematiske HMS-arbeidet i heradet skal omfatte, og kva som skal dokumenterast skriftleg. I tråd med internkontrollforskrifta § 5 punkt 7, skal heradet iverksette rutinar for å avdekke, rette opp og førebygge overskridingar av krav fastsett i, eller i medhald av, helse-, miljø- og tryggleikslovgivinga. Eit system for avvikshandtering og skriftlege rutinar for bruken av avvikssystemet, er eksempel på rutinar som heradet skal ha på plass.

¹ Rettleiing for korleis eit overvåkingsprogram kan utformast, er gitt i Miljødirektoratet sin rapport *Eksempelsamling for tiltaksorientert overvåking*, M-997:2018



Under tilsynet kom det fram at heradet ikkje har ei skriftleg rutine for kva som skal registrerast som avvik for ytre miljø i avvikssystemet. Oppfatninga av kva som er eit avvik, kan variere mykje blant dei tilsette. Ein rutine som viser kva som skal registrerast som avvik for ytre miljø, vil gjere det enklare for dei tilsette å vite kva som skal avviksregistrerast. Eksempelvis bør det avklarast korleis avvik frå reinsekraft skal registrerast; om det skal registrerast ved avvik ved enkeltprøvar eller når det har oppstått avvik frå utsleppsløyvet.

Registrering av avvik for ytre miljø er viktig, då registreringane vil vere nyttige for heradet si planlegging og prioritering av tiltak på avløpsområdet. Dette omfattar utarbeiding av miljørisikovurderingar, hovudplan for avløp og meir detaljerte tiltaksplanar. Registreringane vil også ha verdi ved rapportering til kommuneleiinga om behov for tiltak og investeringar.

Vedtak om gebyr

Statsforvaltaren vedtar at Voss herad må betale eit gebyr på 50 400 kr for tilsynet. Dette svarar til sats 1 for tilsyn av inntil en dags varigheit og er gitt på bakgrunn av ressursbruk. Vedtaket er gitt med heimel i forureiningsforskrifta § 39-7.

De vil få tilsendt ein faktura frå Miljødirektoratet for innbetaling til statskassa.

Statsforvaltaren er pålagt å ta gebyr for tilsyn på forureiningsområdet. Gebyret skal dekke kostnader med førebuing, gjennomføring og oppfølging av kontrollen. Vi viser til varsel om gebyr 23. september 2024 og til forureiningsforskrifta kapittel 39 for ytterlegare informasjon om innkrevjing av gebyr til statskassa.

De har rett til å klage

De har rett til å klage på vedtaket. Retten til å klage er gitt i forvaltningslova kap. VI. Ein klage bør grunnjevast skriftleg og skal sendast til Statsforvaltaren seinast tre veker etter at de fekk dette brevet. Ein eventuell klage vil ikkje få oppsettjande verknad, og gebyret som er fastsett må betalast inn. Dersom klagen vert tatt til følge, vil for mykje innbetalt beløp bli refundert.

Del 3: Informasjon om tilsynet

Gjennomføring av tilsynet

Tilsynet er gjennomført for å kontrollere om gjeldande krav som er fastsette i eller med heimel i forureiningslova, vert haldne. Vår heimel for å føre tilsyn er forureiningslova § 48. Rapporten gir ingen fullstendig tilstandsvurdering av verksemda sitt miljøarbeid eller miljøstatus.

Tilsynet er ein del av Statsforvaltaren sitt risikobaserte tilsyn.

Frå Statsforvaltaren deltok:

- Anette Heggøy
- Elisabeth Sveen Eikenes

Kontaktperson hos verksemda:

- Tilla Ruud – Ingeniør VA

Anlegg

Følgjande av verksemda sine anlegg vart kontrollerte under tilsynet:

- Avløpsanlegga i Voss tettbygde område



Tema

Følgjande tema vart kontrollerte:

- reinseanlegg og prøvetaking
- resipientovervaking
- handtering av avfall, inkl. farleg avfall
- leidningsnett
- internkontroll, inkl. risikovurdering, rutinar og avviksbehandling
- Utsleppsløyve for Voss tettbygde område, datert 13. oktober 2022²

Regelverk

Tilsynet omfatta følgjande regelverk:

- forureiningslova
- forureiningsforskrifta
- løyve etter forureiningslova frå Statsforvaltaren
- vassforskrifta
- internkontrollforskrifta

Dokumentasjon

Følgjande dokumentasjon vart lagt fram for å verifisere faktiske tilhøve:

- hovudplan avløp 2016-2026
- saneringsplan 2016-2026
- ROS, revidert 2024
- skjema med reinseresultat frå Vann Vest
- miljørisikovurdering, revidert 2024
- skriftlege rutinar, t.d. rutine for utarbeiding av miljørisikovurdering
- overvåkingsprogram

Del 4: Annan informasjon

Bakgrunn for tilsynet

Voss herad fekk den 13. oktober 2022 eit nytt utsleppsløyve for Voss avløpsreinseanlegg, som erstatta det tidlegare løyvet frå 22. januar 2008. Tilsynet hadde som mål å sikre at heradet kjenner til og følger dei nye krava i utsleppsløyvet for Voss avløpsreinseanlegg.

Det nye løyvet inneber ingen endring i rammer for tilførsel til anlegget, men inneber endring av reinsekrav og også omfattande endringar av andre krav i løyvet. Ei av hovudendringane i det nye løyvet er meir konkrete og detaljerte krav til internkontroll og planlegging, eksempelvis meir detaljerte krav til utarbeiding og oppdatering av miljørisikovurderingar og handlingsplanar for heradet sitt avløpssystem. Det er også sett nye funksjonskrav til leidningsnettet, meir konkrete krav til energistyring og til den årlege rapporteringa for avløpsanlegget.

Status for resipientovervaking

I følge løyvet punkt 7 skal heradet utarbeide eit resipientovervåkingsprogram for overvaking av moglege miljøeffektar av utslepp frå reinseanlegg og overløp til vassførekomst. Det går fram av overvåkingsprogrammet til heradet, datert 7. februar 2023, at neste overvåkingsrunde er planlagt gjennomført i 2024. Statsforvaltaren fekk ikkje spurt på tilsynet om heradet gjennomfører resipientovervaking i år. Vi ber difor heradet informere om status for gjennomføring av resipientovervaking.

² Løyve nr. 2022.0497.T



Berekning av verknadsgrad

Verknadsgraden til avløpsnett, det vil seie kor stor del av forureiningsmengda som kjem fram til reinseanlegget, skal dokumenterast jamleg kvart år. Dette skal gjerast ved at dei ulike kjeldene til tap vert rekna ut eller vurdert kvalitativt.

Statsforvaltaren tilrår Voss herad å utarbeide ein rutine for utrekning av verknadsgrad, slik at dette vert gjort på same måte kvart år. Dette vil gjere det enklare for heradet å samanlikne verknadsgraden frå år til år.

Rutine for farleg avfall, avfallskoder

Voss herad har tatt i bruk eit nytt internkontrollsystem, Compilo, og jobbar med å leggje inn rutinar i systemet, t.d. rutinar for avfall. På tilsynet vart rutinane for handtering av avfall og farleg avfall vist fram, og dei var nesten ferdig oppdaterte i Compilo. Vidare vart det nemnt på tilsynet at ein kunne bruke litt tid på å finne riktig avfallskode ved levering av farleg avfall. Heradet kan vurdere om det kan vere nyttig at rutinen for farleg avfall inkluderer eit hjelpedokument for dei vanlegaste avfallskodane som brukast ved levering av farleg avfall.

De kan kommentere på rapporten

De har høve til å kommentere på faktiske feil i denne rapporten. Eventuelle kommentarar må sendast til Statsforvaltaren innan to veker etter at rapporten er motteken.

Rapporten er offentleg

Denne rapporten vil vere offentleg tilgjengeleg via postjournalen til Statsforvaltaren i Vestland på www.einnsyn.no, i samsvar med offentleglova.

Rapporten vil også vere tilgjengeleg på nettstaden Norske Utslipp, www.norskeutslipp.no.

Med helsing

Anette Heggøy
senioringeniør

Elisabeth Sveen Eikenes
rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent